

## Søknad, Radøy kommune – driftsmidler 2016

Radøy Brass er ein viktig kulturinstitusjon i Radøy kommune. Vi kjem med eit tilbod til korps-ungdommar som ønskjer å utvikla seg på intstrumentet sitt, og som søker meir utfordring enn dei evt. får i eit skulekorps. Vi er også eit viktig fritidstilbod til dei som er ferdige med skulekorpset, men som framleis vil spele. Vi fungerer også som eit springbrett mellom skulekorpsa og elitekorpsa. Vi satsar på dei unge i nærmiljøet, og rekrutterer frå bl.a. Manger skulemusikklag og Sæbø skulemusikklag.

For å sikre god kvalitet i det vi driv med bruker vi dyktige, og helst lokale dirigentar som er tilknytta kommunen. Dirigentutgifter utgjer rundt 2/3 av utgiftene til korpset, altså 200.000 i året, og det krevjast difor mykje dugnad av medlemmane for å få dekkja alt.

Noko som vi skulle ønskje vi kunne bruke meir pengar på er å oppgradere slagverksutstyret vårt. Vi er opptekne av å ha god kvalitet på instrumenta vi lånar til medlemmane, men slagverksparken er diverre skrøpeleg. For at Radøy Brass skal vere eit attraktivt korps å spele i, treng slagverksseksjonen å få ei oppgradering. Ei slik oppgradering medfører store utgifter, og vil gjerne ta fleire år, men med startmidlar vil dette kunne verte realisert.

Radøy Brass er også opptatt av å gi tilbake til lokalsamfunnet, men for å klare dette er vi også avhengige av å få støtte frå ulike aktørar i kommunen, slik at vi fortsatt kan vere eit vaksenkorps som tek inn unge, nye talent og utviklar dei vidare.

Mvh

Amanda Voldsund, Radøy Brass